



Valldal Idrettslag

Referat styremøte Valldal IL

Torsdag 18. mars 2021 kl 19.30

Klubbhuset – Omenås

Einar Hoel, Odd Lennart Vikene (på Teams) Trond Håvoll og Turid Engeseth Løvoll (1. vara).

Friidrett: Magne Eivind Glomnes

Ski: Jan Ole Fuglem

Disk: Richard Moen

Fotball: Solfrid Fjeldstad

Trim: Oddbjørn H. Myklebust

Dagleg leiar: Olav Løvoll

Fråfall: Ellisiv Jarvik og Anne Nygård.

Sakliste -

11/21 Kort informasjon frå gruppene, hovedstyret og dagleg leiar

Aktivitet i gruppene

Ski: Skiskyting invitasjon til å delta i renn i andre regioner.

Skiforbundet har gitt beskjed om renn kun i egen region.

Har lokalt hatt større aktivitet enn tidlegare.

Disksport: Tilpassa med intervallstart – lett å halde avstand.

Vårsleppen – en del av «sunnmørsturen».

Langevåg 1. runde.

Friidrett: Ikkje starta enno.

Fotball: Det har vore treningar. Det er påmeldt lag.

Alt klart for sesongstart 6-7 lag påmeldt.

Viktig å sette opp spelarliste for fotball for å sjekke å sikre at alle er medlemmar i VIL.

TB-sport vil gi tilbod på granulat for påfyll på kunsgrasbana.

Hovedstyre: Ikkje noko spesielt sidan førre møte.

- Dagleg leiar – har hatt opplæring på datasystem. Har delt ut flygebladet for fiber for Tafjord Connekt. Kontrollutvalget har bede om at gruppene sender inn referat frå styremøta.
- Det vert lottsal via vippes. Kr 20,- pr. lodd.



Valldal Idrettslag

12/21 Skiskyttaranlegg-skiløype med lys på Grønningsæter/Høghjelle

Viser til sak på førre styremøte.

Arbeidsgruppa for anlegget har hatt møte og har følgjande innstilling til styret:

- Tre innsendte søknader om spelemidlar i 2021 vert trekt. Årsaka er at ein ønskjer at formelle forhold om grunn er godkjent, slik at alle grunnavtalar og festeavtale kan tinglysast og i orden når søknad vert sendt
- Det vert søkt om dispensasjon frå arealplan i kommunen. Området er definert som LNF-område (landbruk-natur –friluftsliv) og for å plassere eit idrettsanlegg i dette området med skiskyttarstadiion og lysløype, må det søkjast om dispensasjon frå arealplanen
- Det vert teke inn parkeringsområdet i planane. Dette vil truleg verte eit krav frå fylkeskommunen i samband med ein dispensasjonssøknad.
- Det vert ikkje sett i gang arbeidd med reguleringsplan for området. Grunnen er at dette vil vere ein tidsmessig lengre prosess enn dispensasjon, og ikkje minst vil det påføre idrettslaget ein stor kostnad, muleg opp mot 400.000 kroner
- Sjølve løypa vert omdefinert frå tursti og turløype til skiløype for vinterbruk. Dette vil kunne gjere det enklare m.o.t. sak om dispensasjon og ein vil unngå ev diskusjonar om bruk av løype til trening og konkurranse
- Ei slik omdefinering vil redusere andelen av spelemidlar på løype og lys. Dette betyr at i høve til berekna total kostnad for heile anlegget på 3,9 mill kroner, vil spelemidlar utgjere 1,3 mill kroner. Dette er 300.000 kroner mindre enn tidlegare berekna og beløp frå andre finansieringskjelder må aukast tilsvarende.
- I samsvar med sak på ordinært årsmøte 2020 kan det vere muleg med vidare arbeid i løypetrase. Føresetnad er underskrivne avtalar med grunneigarar.
- Arbeidsgruppa bed om at saka vert lagt fram for årsmøte 24.3.21 for endring av vedtak frå ekstraordinært årsmøte 13.10.20

13/21 Årsmøte

Oppsummering av gruppeårsmøter

Årsmøte 2020 vert gjennomført som fysisk møte på klubbhuset innanfor gjeldande smittevernreglar-

Sakliste

1. Godkjenne stemmerett til dei frammøtte
For å ha stemmerett på årsmøte må ein
 - vere fylle 15 år i kalenderåret
 - vore medlem i idrettslaget minst ein månad
2. Godkjenne innkalling og sakliste
3. Konstituering
 - a. Val av ordstyrar
 - b. Val av sekretær
 - c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok
4. Årsmelding 2020



Valldal Idrettslag

5. Rekneskap 2020
6. Arbeidsplan 2021
7. Budsjett 2021
8. Valldal IL sin organisasjon
9. Medlemskontingent 2022
10. Friidrettsbane med fast dekke-tartan (må førebuast i samsvar med innmeldt forslag)
11. Skiskyttaranlegg- reserveranlegg ski Høghjelle/Grønningsæter (jfr førre styresak)
12. Val

Dei som ynskjer å delta på årsmøte på teams må melde frå om dette.

Det vert servering av innpakka baguetter. Dagleg leiar bestiller.

14/21 Medlem i valnemnda

Dagrun Vikesland står på val i valnemnda. Det er styret som må legge fram forslag til medlemmar i valnemnda og difor vert saka sett på saklista til styremøtet.

Sakliste –

13. Godkjenne stemmerett til dei frammøtte
For å ha stemmerett på årsmøte må ein
 - vere fylle 15 år i kalenderåret
 - vore medlem i idrettslaget minst ein månad
14. Godkjenne innkalling og sakliste
Årsmøte har vore kunngjort på Valldal IL si nettside og i Storfjordnytt
15. Konstituering
 - a. Val av ordstyrar
 - b. Val av sekretær
 - c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok
16. Årsmelding 2020
17. Rekneskap 2020
18. Arbeidsplan 2021
19. Budsjett 2021
20. Valldal IL sin organisasjon
21. Medlemskontingent 2022
22. Fast dekke på friidrettsdelen, Valldal stadion
23. Skiskyttaranlegg- reserveranlegg ski Høghjelle/Grønningsæter
24. Val
 - a. Val av leiar for 1 år
 - b. Val av 2 styremedlemmar for 2 år
 - c. Val av 2 varamedlemmar for 1 år
 - d. Val av 1 medlem til kontrollutval for 2 år
 - e. Val av 1 medlem til valnemnd for 3 år



Valldal Idrettslag

- f. Val av 2 utsendingar til årsmøtet i Fjord Idrettsråd
- g. Val av gruppestyre



Valldal Idrettslag

Sak 4: Årsmelding 2020

Vedlegg 1: Årsmelding 2020

Forslag til vedtak:

Årsmelding 2020 for Valldal Idrettslag vert godkjent

Sak 5: Rekneskap 2020

Vedlegg 2: Resultatrekneskap og balanse 2020

Forslag til vedtak:

Rekneskap 2020 for Valldal Idrettslag vert godkjent

Sak 6: Arbeidsplan 2021

Vedlegg 3: Arbeidsplan 2021

Forslag til vedtak:

Arbeidsplan 2021 for Valldal Idrettslag vert vedteken

Sak 7: Budsjett 2021

Vedlegg 4: Budsjett 2021

Forslag til vedtak:

Budsjett 2021 for Valldal Idrettslag vert vedteke

Sak 8: Laget si organisering

I samsvar med Lov For Valldal Idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering.
Det er ingen forslag til endringar i organisasjon

Forslag til vedtak:

Tidlegare gjeldande organisasjonsplan vert videreført og gjeldande for 2021

Sak 9: Medlemskontingent

I samsvar med Lov for Valldal Idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsette
medlemskontingent. Styret innstiller uendra medlemskontingent for 2022
Noverande kontingent

Medlem under 18 år	kr 200
Medlem 18-24 år	kr 200
Medlem 25 år og eldre	kr 400
Pensjonist	kr 300
Familie	kr 600

Det har vist seg at det har vorte fleire tilfelle der at barn vert meldt inn i idrettslag,
medan føresette ikkje ser det "nødvendig" å stå som medlem. Styret foreslår eit punkt i
vedtaket der det vert presisert at føresette også må vere medlem.



Valldal Idrettslag

Årsmøte skal også fastsette eventuelle treningsavgifter eller gje styret/gruppestyret fullmakt å fastsette dette. Styret foreslår å gje fullmakt til gruppene å fastsette dette.

Forslag til vedtak:

1. Uendra kontingent for 2022
2. Når eit barn vert meldt inn i Valldal idrettslag melder foresatt(e) samtidig også inn seg sjølv. Slik må det vere for å understreke vårt felles ansvar.
3. Den enkelte gruppe får fullmakt å fastsette eventuelle treningsavgifter

Sak 10: Fast dekke på friidrettsdelen, Valldal stadion

Dette er sak innmeldt til årsmøtet. I motteke forslag vert det peika på at fast dekke vil vere positivt for rekruttering til friidrett. Det vil også lette vedlikehaldet på Valldal stadion. Saka har vore handsama av styret og som gjev si innstilling til årsmøtet.

Fast dekke/tartan på Valldal stadion har tidlegare vore drøfta i styret. Det vart gjort ei grov berekning av kostnad på om lag 4 mill kroner inkl mva. Eit slikt anlegg vil ma kunne oppnå 1/3 av kostnad i spelemedilar. Anlegget er med i Fjord kommune sitt handlingsprogram for idretts- og friluftslivanlegg og det er også med i Valldal idrettslag sin eigen anleggsplan

Forslag til vedtak:

Sak om fast dekke/tartandekke på Valldal stadion vert oversendt til styret. Saka skal utgreiaast og leggast fram for neste årsmøte

Sak 11: Skiskyttaranlegg- reserverenalegg ski Høghjelle/Grønningsæter

Dette er sak som vart teke opp på årsmøte 10.6.20 og ekstraordinært årsmøte 13.10.20. Det vart vedteke å bygge anlegg innanfor ei kostnadsramme på 3,9 mill kroner.

Finansiering med spelemedilar, dugnad og eigenkapital.

Etter årsmøtet har det vore arbeidd med spelemedilar, grunnsørsmål og finansiering. Alle berørte grunneigarar er positive til grunnavtale. Det har imidlertid vist seg å vere meir utfordrande at området er omfatta av kommunen sin arealplan. For å få bygge eit idrettsanlegg må det søkjast dispensasjon frå kommunen sin plan. Alternativt at det vert laga eigen reguleringsplan.

Det er sendt søknader om spelemedilar, på skiskyttarstadion, tursti/turløype og lys i løypa. Desse viser seg har ein del manglar. Grunnavtalar kan ikkje tinglysast grunna at fleire formelle forhold må vere i orden. Det kan også vere utfordrande å bygge tursti/turløype i staden for skiløype når det gjeld bruk til trening og konkurranse.

Fjord kommune har vedteke å støtte anlegget med 650.000 kroner. Det er samla inn/gjeve lovnad om støtte til anlegget på hittil 1,2 mill kroner. Store bidragsytarar er Sparebanken Møre med 500.000 kroner og Olav Thon stiftelsen med 300.000 kroner. Mange firma og privatpersonar støttar også anlegget.



Valldal Idrettslag

Sparebanken Møre har gjeve tilslagn om midlertidig lån på 500.000 kroner.

Styret har handsama saka og konkludert med følgjande:

- Tre innsendte søknader om spelemedialar i 2021 vert stilt i bero. Søknader vert korrigert sendt inn på nytt i 2022.
- Det vert søkt om dispensasjon frå arealplan i kommunen. Det er krav om rasvurdering og vurdering av støy frå skytebane.
- Det vert ikkje sett i gang arbeidd med reguleringsplan for området. Grunnen er at dette vil vere ein tidsmessig lengre prosess enn dispensasjon, og ikkje minst vil det påføre idrettslaget ein stor kostnad, mogleg opp mot 400.000 kroner
- Parkeringsområde vert teke inn i planane. Toalettløsing skal framleis vere med. Det er lagt inn 300.000 kroner i kostnader i tillegg. Det kan ikkje søkjast spelemedialar til dette.
- Løypa vert omdefinert frå tursti/turløype til skiløype for vinterbruk. Dette vil kunne gjere det enklare m.o.t. sak om dispensasjon frå arealplan og ein vil unngå ev diskusjonar om bruk av løype til trening og konkurranse
- Omdefinering vil redusere andel av spelemedialar på løype og lys. Dette betyr at i høve til berekna total kostnad for heile anlegget på 3,9 mill kroner, vil spelemedialar utgjere 1,3 mill kroner. Dette er 300.000 kroner mindre enn tidlegare berekna og beløp frå andre finansieringskjelder må aukast tilsvarande.
- Saka vert lagt fram for årsmøtet 2021 for endring av tidlegare årsmøtevedtak.

Forslag til vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner endra planar for skiskyttaranlegg og reserveanlegg for ski på Høghjelle/Grønningsæter innanfor ein kostnadsramme på 4,2 mill kroner.
2. Planar omfattar skiskyttarstadion/standplass, omdefinering av tursti/turløype med lys til skiløype med lys, parkeringsområde og toalettløsing
3. Det skal søkjast om nødvendige dispensasjoner frå gjeldande arealplan i Fjord kommune. I samband med dette må det gjerast vurdering av rasfare i området og støy frå skytebane
4. Anlegget skal finansierast på følgjande måte

Spelemedialar	kr 1.300.000
Dugnad	kr 550.000
Fjord kommune	kr 650.000
Lån bank	kr 500.000
<u>Eigenkapital Valldal IL</u>	<u>kr 1.200.000</u>
Sum	kr 4.200.000

Lån skal reduserast/nedbetalast med mva-kompensasjon, gåver og andre tilskot. Tilsvarande reduksjon skal gjerast på Valldal IL sin andel/eigenkapital så langt det er rom for det.

5. I byggetida kan det takast opp byggelån på inntil kr 2,0 mill. Lånet skal nedbetalast snarast råd ved utbetaling av tilskot og anna økonomisk støtte. Maks løpetid er 1 år.



Valldal Idrettslag

6. I samsvar underskrivne grunnavtalar, kan arbeid utførast i 2021 i løypetrase innanfor ein kostnad på 200.000 kroner.



Valldal Idrettslag

Sak 12: Val

Valnemnda sitt forslag årsmøtet 2021:

Valldal IL - styret

Leiar:		2021	
Nestleiar	Odd Lennart Vikene	2020-2021	(ikkje på val)
Styremedlem:	Ellisiv Jarvik	2020-2021	(ikkje på val)
Styremedlem:		2021-2022	
Styremedlem:		2021-2022	
1. varamedlem:		2021	
2. varamedlem:		2021	
Kontrollutval:		2021-2022	
	Lars Tomas Bersås	2020-2021	(ikkje på val)
Varamedlem, kontrollutval:	Hegelin Waldal	2020-2021	(ikkje på val)
Framlegg til valnemnd:			
Anders Rem		2021 -2023	(ikkje på val)
Kåre Erstad		2020-2022	(ikkje på val)
		2022-2024	

Val av utsending til årsmøtet i Fjord Idrettsråd, 2 personar (1 dame – 1 herre)

Disksport-

Leiar	Richard Moen	2021	attval som leiar disk sport styremedlem i Valldal IL
Medlem	Richard Moen	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Henrik Engeseth Andersen	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Terese Jemtegård Moen	2019-2020	(attval)
Medlem	Bjarte Grønningsæter	2021-2022	(ny)
Medlem	Linda Lødøen	2021-2022	(attval)



Valldal Idrettslag

Fotballgruppe -

Leiar	Remi Uri-Landsnes	2021	ny leiar fotball ny styremedlem Valldal IL
Medlem	Remi Uri-Landsnes	2021-2022	(ny)
Medlem	Katrine Lianes Gjerde	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Cato Magnus Heggen	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Jacek Wilczura	2021-2022	(ny)
Medlem	Mari Lilleås Johansen	2021-2022	(ny)
1. varamedlem	Eirik Lødøen	2021	(attval)

Friidrettsgruppe-

Leiar	Magne Eivind Glomnes	2021	attval som leiar friidrett styremedlem Valldal IL
Medlem	Magne Eivind Glomnes	2021-2022	(attval)
Medlem	Catrine Berli	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Jacek Wilczura	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Vibeke Valdal Mueza	2021-2022	(attval)
1. varamedlem	Anne Mette Rem	2021	(attval)

Skigruppe-

Leiar	Jan Ole Fuglem	2021	attval som leiar i ski styremedlem Valldal IL
Medlem	Jan Ole Fuglem	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Juliette Bechtold	2021-2022	(attval)
Medlem	Terje Nerhus	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Anne Gry Myklebust Vestre	2021-2022	(attval)
Medlem	Geir Arne Myren	2021-2022	(attval)
1. varamedlem	Per Jomar Nerli	2021	(attval)
2. varamedlem	Hans Martin Gjedrem	2021	(attval)

Trimgruppe-

Leiar	Oddbjørn Myklebust	2021	attval som leiar i trim styremedlem i Valldal IL
	Oddbjørn Myklebust	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Jürg Barthel	2021-2022	(attval)
Medlem	Maria Dvergsdal	2021-2022	(attval)
Medlem	Kari Ulvestad	2020-2021	(ikkje på val)
Medlem	Øyvor Grue Berdal	2020-2021	(ikkje på val)
1. varamedlem	Anne Merete Øyrekkken	202	(attval)
2. varamedlem	Ivar Hoel	2021	(attval)



Valldal Idrettslag

Valldal Idrettslag
Postboks 74
6211 Valldal
www.valldalil.no